

Amot kan få sitt krigsmuseum ferdig neste år

10 RONALD HAAKONSEN

Hannevigs kampstyrke var de siste stridende i Syd-Norge frem til 8. mai 1940.

Desse orda står på minnestøtta som er reist ved brua like aust for Amot sentrum. Langt frå alle veit så mykje om dei dramatiske trefningane i Vinje i april og mai for 52 år sidan. Men nemner ein Vinjesvingen, så nikkar nok dei fleste telemarkingar.

Dei koplar namnet i hop med den tyske invasjonen for vel halv-hundre år sidan. Sekondløytnant Thor O. Hannevig (1891-1975) tok kampen opp mot dei tyske kampgruppene. Med frivillige menneske reiste han motstanden i april dagane etter at leinga for IR 3 på Heistadmoen hadde overgjeve dei militære installasjonane der - utan kamp. Hannevig fungerte som regimentskommandør for soldatar frå IR 3 og dei som kom frå andre kantar - frå aust og vest, sud og nord.

TENTE GNISTEN!

Trefningane i Vinje fekk rett nok ikkje så mykje å seie for den militære utviklinga i invasjonssfasen. Men namnet Vinje og Vinjesvingen og det som det som hendte der, var noko som tente gnisten til motstandsørsla seinare under krigen. Ved trefningane i Vinje fall flere tyske soldatar. Det var fyrst etter tysk ultimatum om å gå til nådelaus krig med bombing at Hannevig fann å måtte leggje ned våpna.

- Vi vonar det skal lukkast å få til eit museum som kan fortelje om det som skjedde i krigens da-



STÅR KLART: Utvendig står bygningen klar. HV har teke den eine halvdel i bruk - no manglar vel eitpar hundre tusen for å få ferdig det skal bli krigsmuseum-delen.

TILTALANDE


Den gamle koplingsstasjonen er no innreidd til bruk for HV med lager, menneskerom, kontor og anna. Forsvaret har kosta bortimot 400.000 kroner på bygningen - medan Vinje kommune har løyvd 250.000 kroner. Bygningen har den siste tida vorte kledd med tre i stavstil. Såleis eit heilt anna og meir tiltalende eksterior enn han tidlegare hadde.

- Vi vonar at museumsdelen kan bli teken i bruk så snart som mogleg. I fyrste rekke er det pengar det står om. Med 2-300.000 kroner vil vi truleg kun-

ne fullføre arbeidet, seier Strand-

skogen. Tidlegare kommunearkitekt Sandvik har vore konsulent for ombygginga og han fortener stor honnør.

Det bør vere mogleg å skaffe dei resterande midlane til veges retteleg snart. Slik at museumsdelen som skal fortelje om dei dramatiske trefningane og anna under krigsåra står ferdig eingong neste år. Det finst mange gjenstandar som skal gå inn i museumsavdelinga. Ein god del er gåver som enno oppbevarast i privat eige. Det hastar med å få dei inn i krigsmuseet!



ELDSJEL: Paul Strandkogem - ein av eldsjelane i arbeidet for et krigsmuseum i Amot.